

Sjå adresseliste

Dato:03.08.2018
Vår ref.: -
Saksbehandlar:evavinj
Dykkar ref.:

Invitasjon til å nominere kandidatar og til Trafikksikringskonferansen 2018

Det delast årleg ut ein trafikksikringspris til trafikantretta tiltak. Prisen blei oppretta i regi av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU). Det er sett av 25.000 kr kvart år til trafikksikringsprisen.

Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjønning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafiktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats. FTU er ansvarleg for nomineringsprosessen og tildeling av prisen. Det vert lagt opp til at prisen skal delast ut kvart år på den årlege trafikksikringskonferansen til FTU, men dette avheng sjølvst av om det er aktuelle kandidatar til prisen.

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen.

Vi ber om at kandidatforslag med grunngjeving vert sendt på e-post til eva.vinjevoll@hfk.no innan måndag 28. september 2018.

Trafikksikringskonferanse for kommunane i Hordaland 2018

Hordaland fylkeskommune v/ FTU vil med det same orientere om den årlege trafikksikringskonferansen som i år er sett til onsdag 14. november. Utførleg program for konferansen kjem over sommaren. Vi ber om at de set av dagen.

John Martin Jacobsen
Seksjonsleiar

Eva M. Ørmen Vinjevoll
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Adresseliste:

Alle kommunane i Hordaland

Vest politidistrikt

ATL Hordaland

Statens Vegvesen, region vest